



Lovvedtak 37

(2014–2015)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 115 L (2014–2015), jf. Prop. 15 L (2014–2015)

I Stortingets møte 16. desember 2014 ble det gjort slikt

vedtak til lov

om endringer i yrkestransportlova (krav om butid for utferding av kjøresetel mv.)

I

Lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy vert endra slik:

§ 7 første ledd skal lyde:

(1) Den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med luftputefartøy, eller med anna fartøy over 8 m lengde tilsvarande 4 bruttotonn må ha rute-løyve. § 4 andre ledd bokstav b) og c) og § 6 andre ledd gjeld tilsvarande.

§ 26 skal lyde:

§ 26. *Politiattest*

Det skal krevjast *ordinær* politiattest ved søknad om løyve etter denne lova, og etter at løyve er gitt etter ein tidsperiode som vert nærare fastsett av departementet.

§ 37 a andre ledd skal lyde:

Kjøresetelen gjeld for heile landet og blir utferda av politimeisteren eller den han gir myndigheit der vedkommande bur. Det er ikkje nødvendig med ny kjøresetel ved skifte av bustad, jf. *likevel* § 37 c fjerde ledd.

§ 37 c skal lyde:

§ 37 c. *Vilkår for tildeling av kjøresetel m.m.*

Den som skal få kjøresetel, må vere fylt 20 år og ha slik vandel at politiet ikkje finn vedkommande

usikkert til å virke som førar av slik motorvogn som nemnd i § 37 a.

For utlendingar krevst det 4 års butid i Noreg før kjøresetel kan utferdast. Kravet om butid gjeld likevel ikkje for

- EØS-borgarar som legg fram politiattest frå heimstaten sin,*
- utlendingar frå land utanfor EØS som har opphald i eit EØS-land og som kan leggje fram politiattest og bevis på lovleg opphald frå EØS-landet,*
- utlendingar frå land utanfor EØS med tidlegare opphald i Noreg, der fråveret ikkje er av eit slikt omfang at det ikkje kan gjennomførast tilfredsstillande vandelskontroll.*

For tredjelandsborgarar som ikkje har fått opphaldstillating før innreise til Noreg, skal butida rekna frå den datoen søknaden om opphaldstillating vert registrert hos utlendingsstyresmaktene. For EØS-borgarar, og tredjelandsborgarar som har fått opphaldstillating før innreise til Noreg, vert butida rekna frå det tidspunktet som følgjer av politiregisterforskrifta § 28-4 andre ledd.

Politimeisteren eller den han gir myndigheit kan bestemme at det for å få kjøresetel for drosje kan krevjast avlagt prøve som viser tilstrekkeleg kjennskap til løyvedistriktet. Er slikt vedtak sett i verk, gjeld ikkje kjøresetel frå anna politidistrikt utan påteikning frå politiet om at vedkommande har stått til kjentmannsprøven.

I kapittel 7A skal ny § 37 j lyde:

§ 37 j. *Forskrift om kjøresetel*

Departementet kan i forskrift gje nærare reglar om kjøresetel.

II

Lova trer i kraft straks. Endringa av § 7 gjeld likevel frå den tid Kongen fastset.

Olemic Thommessen

president